

Dag Jørund Lønning (44)

Rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar (HLB). Gift, to barn (14 og 17). Bur i Bogsdalen i Hå. Aktuell: HLB veks stadig, og rektoren publiserer bøker som aldri før.

Bygde-Dag'en

Harley-folket helsar ikkje på han. Men elles føler Dag Jørund Lønning seg godt mottatt på Jæren.

NÆRBILDE

ÅGE BJØRNEVIK | tekst og foto
abj@jbl.no

– Det er ein fantastisk stad å bu. Her har eg heia på den eine sida, havet på den andre, og kort veg til det meste. Eg stortrivest på Jæren, seier Lønning.

Nokre få minutt før svinga Jærbladet-bilen av fylkesveg 44 rett sør for jernbanebrua ved Onga Camping. Ferda går innover i landet, forbi eit stort masseuttak. Asfaltvegen blir til grusveg, og akkurat i det me trur at me må ha kjørt feil, dukkar murhuset med grønmala tregavlar opp på høgre sida. Her, i Bogsdalen, har familien funne sitt paradys på Jæren.

– Me leitte ei stund før me fann dette. Det finst ikkje så mange slike eigedommar på Jæren, seier Lønning.

– Avstandar er relative

På 80-talet stod det mellom Bogsdalen og Stokkelandsmarka som framtidig utbyggingsområde i Hå. Politikarane valde Stokkelandsmarka. Dermed er det berre nokre få hus i Bogsdalen. Det passar Lønning godt.

– Me høyrer nok til livsstilsflyttarane, som det blir fleire og fleire av. Me flyttar til bygda for å få tilgang til noko me ikkje kan få i byen: God plass rundt oss. Eg likar å putla og spa litt, men det er ikkje matproduksjon som er poenget. Det er den rolege livstilen på bygda, seier Lønning.

I den romslege hagen spring border colliane Fant og Tia fritt. Den eldste hanen haltar rundt på plenen. Yngre krefter har nettopp overtatt herredømmet i hønsegarden, og det har gått hardt ut over

Me leitte ei stund før me fann dette. Det finst ikkje så mange slike eigedommar på Jæren.

gamlesjefen. Elles er det svært så fredeleg i Bogsdalen denne solskinnsdagen i juni.

«Kort veg til det meste», som Lønning nemnde, er likevel ikkje det første som slår oss etter turen hit.

– Avstandar er relative. Her på Jæren er det ikkje avstandar i det heile tatt, samanlikna med det me ser på bygdene andre stader i landet. Her kan me raskt koma oss til tettbygde strok. Det er tre kilometer til jernbanestasjonen på Brusand og tre kilometer til Onga, og kort reisetid til byane langs Jærbanen. Til jobben på Særheim brukar eg berre ein halvtime. Det er lenge sidan eg har budd så nær tettbygd strok som dette, forklarar Lønning.

Familien har budd fem år på småbruk på Sotra ved Bergen, sju år på småbruk i indre Telemark og tre år på småbruk i Skaun i Trøndelag.

Oppvaksen på gard

Dag Jørund Lønning er oppvaksen på gard på Stord, som yngst av fem søsken. (Ja, TV-kjendis Per Ståle Lønning er storebroren hans). Faren, bonde Per Lønning, var ein svært aktiv mann, med mange interesser og mange jern i elden.

– Eg er heilt klårt prega av far min, og han skal ha ein stor del av æra for at eg har valt å jobba med bygdeforsking og bygdeutvikling. Stord er ein industristad, og det var ikkje så mange som fekk høve til å veks opp på gard der. Far inn-

prenta oss at me skulle vera stolte over å vera frå gard, seier Lønning.

Der trur han mange kan ha noko å læra av det.

– Viss ein syt og klagar med kjøkenbordet kvar dag over kor vanskeleg ting er, vaksinerer ein neste generasjon mot å overta garden. Unge i dag får så mange impulsar, og det er mykje konkurranse om merksemda deira. Dersom ein vil at nokon skal overta garden, er det utruleg viktig å heile tida senda positive signal til den yngre generasjonen, legg han til.

I hans familie overtok eldstebroren garden, som ligg sentralt nær kommunesenteret Leirvik. Dermed har Lønning også fått sjå at heimegarden gradvis blir eten opp av utbygging rundt tettstaden.

Sosialantropolog

Lønning er utdanna sosialantropolog frå Universitetet i Bergen. Han har også ein doktorphilosgrad i prosessfilosofi, eller endringslære om du vil. Doktorgradsavhandlinga hans handla om nyskaping i norske bygdesamfunn.

Heile yrkeskarrieren har han på ein eller annan måte jobba med bygdespørsmål. Han har vore forskar ved Christian Michelsens Institutt i Bergen, jobba med bygdeutvikling hos Fylkesmannen i Hordaland, vore fagleg leiar ved Telemarksforsking og direktør ved Norsk senter for bygdeforsking. For han tok over som rektor ved HLB i april i fjor, var han seniorforskar ved Norlandsforsking.

Lønning berømmer den jærskedrivkrafta og grunderanda, som gjorde sitt til at ideen om ein eigen høgskule for bygdene blei sett ut i livet. Rektoren ser det som si viktigaste oppgåve å vidareutvikla skulen. Det betyr blant anna å satsa meir på oppdragsforsking.

Lønning har lang erfaring i å konkurrera om oppdrag, og



Heldigvis jobbar eg i eit uformelt miljø. Me har ikkje dresskode, og ikkje hårkode heller.

skulen har vunne mange dei siste året.

– HLB sin suksess er avhengig av at me klarar å hevda oss i den marknaden. Me kan ikkje, og skal ikkje, leva berre av det me får over statsbudsjettet. Med oppdragsforskinga får me nye inntekter, samstundes som me blir meir attraktiv som arbeidsplass for forskarar. Skal me kunna tilby kvalitetsundervisning, må det ligga god forskning i botn, seier Lønning, so gler seg over gode sokjarar til nye stillingar og auke i elevtalet.

Lange arbeidsdagar

– Får du jobba med faget ditt sjølv ved sida av å vera rektor?

– Eg var litt skeptisk på førehand, for rein administrasjon er

ikkje mi greie. Men her har eg fått god sjanse til å jobba med fag, samtidig som eg utviklar ein skule. Eg har publisert ein god del opp gjennom åra, men neppe nokon gong meir enn dette året, seier Lønning, som i forrige veke kom med fagbok nummer to sidan årsskiftet.

Han innrømmer at han langt frå har ein åtte til fire-jobb.

– Døgnet har 24 timar, og sju av dei søv eg. Resten av tida skal fyllast med noko, og er ikkje blant dei som sit i ro og ser på TV. Eg er så heldig å få jobba med noko eg brenn for. Då er det ikkje eit stort offer å leggja ned såpass mange timar i jobben, seier Lønning. Han les mykje, både fag og skjønnlitteratur.

– Forskarar kan bidra

Lønning er opptatt av forskarar kan bidra til positiv endring.

– Ting endrar seg heile tida, og som samfunnsforskarar har me høve til å påverka, både gjennom undervisninga vår, det faglege me publiserer og gjennom rolla som offentlege synsarar. Skal ein skapa utvikling, må ein heile tida foku-

sera på handlingsrommet – for seg sjølv som person, for garden sin og for bygda si. Det er alltid noko som kan gjerast annleis. Fokuserer ein berre på problema og hindringane, staggar det utviklinga, seier han.

Med dei høge, kraftige krollene – forma i ein hockeysveis som var langt vanlegare på 80-talet enn i dag – ser han ikkje så strigla ut som ein kanskje kunne venta av ein høgskulerektor.

– Når eg ikkje har latt håret falla til no, kjem eg neppe til å gjera det heller. Eg held meg til saueklyppingsmetoden – to gonger i året. No er det relativt nyskore, seier Lønning med eit smil.

– Heldigvis jobbar eg i eit uformelt miljø. Me har ikkje dresskode, og ikkje hårkode heller, legg han til.

Friluftsmann

Når Dag Jørund Lønning skal slappa av, oppskjær han naturen.

– Eg er utandørs det aller meste av fritida mi, fortel Lønning. Han driv med flogefiske, og bind sine egne floger. Han er i tillegg ofte ute med kikkerten for å

sjå på fuglar, som er ei anna stor interesse. Båtliv er også ein lidenskap, men det er ikkje berre-berre å finna plass å ha båten. Båtplass i Sirevåg er ein stor draum.

Lønning likar godt å reisa, men helst når det er kaldt og surt her heime, og helst til stader der som kan by på kulturopplevingar.

– Til sommaren skal Anne Mette og eg utforska nærområdet her. Ta med oss telt og fiskestong og gå innover heia her. Kanskje blir det ein tur til Sirdal også. Når me har slike flotte turområde rett utanfor stovedøra, må me bruka dei, slår 44-åringen fast.

Anne Mette er kona. Ho deler interessa for friluftsliv, og dei to har vore gifte sidan 1989.

– Flotte folk på Jæren

Lønning kjører motorsykkel på jobb kvar dag, med unntak av dei to-tre kaldaste vintermånadane.

– Det er ein fest nesten kvar dag å få kjøra gjennom dette flotte kulturlandskapet, som er forma gjennom hundrevis av år, og som framleis er i stadig endring. Jærbonden er kjend for å fokusera på matproduksjonen, men gjennom

Eg er utandørs det aller meste av fritida mi.

arbeidet sitt skapar dei også ein trivselsarena for hundretusenvis av menneske, seier Lønning, som opplever jærbonden som langt mindre einspora enn fordommane der ute seier.

– Ja, dei er veldig flinke matproducentar, men dei går også på kurs og lærer seg å byggja steingardar, og dei er opptatt av naturen rundt seg. Det er mange flotte folk på Jæren. Og så er det ei velgjøring å koma til ein stad der folk ikkje er så voldsomme til å skytta, men heller lar folk få tid til å finna ut av ting sjølv, seier Lønning.

Men Harley-folket får han ikkje kontakt med.

– Eg kjører ein 650, men han ser ut som ein scooter. Andre motorsyklistar helsar når me møtest, men ikkje dei på Harley. Sikkert fordi eg kjører feil type sykkel. Men eg gjer meg ikkje. Eg helsar på dei framleis.